

Fritidsmesse med stort program på laurdag.

08.04.2016



Frå fritidsmessa i Husneshallen 2012.

(Oppdatert): I morgen, laurdag, er det klart for fritidsmessa på Husnes. Mange lag og organisasjoner stiller og informerer om sine aktivitetar, og etter det vi kjenner til, er også Uskedalen representert. Arrangementet føregår i og utanfor kulturskulesenteret, og kulturskulen vil også presentere sine tilbod med framføringar og open dag.

Fritidsmessa som tidlegare var i Husneshallen, er no flytta til kulturskulesenteret og området rundt. Den føregår mellom kl.11 og 15 laurdag, og mange lag og organisasjoner har meldt seg på for å presentera sine tilbod. Laga vil ha stands både ute og inne. Festidalen er påmeldt og det er også desse laga med trepresentantar fra Uskedalen: Kvinnherad husflidlag v/Inger Naterstad, det nye kyrkjekoret Nordmadrigal v/Eva Megyesi og Kvinnherad mållag v/Kristian Bringedal.

Som ein viktig del av opplegget har Kvinnherad kulturskule open dag i kulturskulesenteret. Her vil ein kunna få informasjon om deira aktivitetar på ulike vis. Vi får mellom anna oppleva elevar med framføringar frå dei ulike aktivitetsområda. Dermed får messa eit flott kulturprogram. Den opne dagen i kulturskulesenteret er frå kl.11 til kl.14.

I denne samanheng er det grunn til å nemna at søknadsfristen til Kvinnherad kulturskule er 15.april, og ein finn informasjon [på heimesida deira](#). Dette gjeld også dei som skal sökja om å verta aspirantar i skulemusikken. Det kan du også [lesa om her](#).

Program for fritidsmessa:

- KI.11.00 Opning av Kultursjef Kristian Olav Bringedal, Festsalen Kulturhuset
- KI.11.00 Open Kafè i festsalen Kulturhuset til kl. 15.00.
- KI.11.10 Marimbakonsert, Festsalen Kulturhuset.
- KI.11.20 Husnes skulekorps, Festsalen Kulturhuset.
- KI.11.35 Linedance av Kvinnherad Kommune B.I.L. Festsalen Kulturhuset.
- KI.11.45 Messingelevar og aspiranter spelar i foajè Kulturskulen.
- KI.12.00 Konsert i konsertsalen Kulturskulen.
- Orkester 1

- Orkester 2
- Fiolinelevar
- Messingelevar
- Songinnslag
- Band

KI.12.40 Marimbakonsert i Foajè Kulturskulen.

KI.13.00 Konsert i Konsertsalen Kulturskulen.

- Nattergalen
- Gitarorkester
- Pianolevar
- Messing/treblåsinnsLAG

KI.13.00 Teaterframsyning i Biblioteket. Teatergruppa Krabatene.

KI.13.45 Slagverk og dans- inne/ute(véravhengig)Kulturskulen.

KI.14.45 Kåring av beste stand og premieutdeling Festsalen Kulturhuset.

Kvinnherad Ungdomsenter er ope kl.11.00-15.00. Her kan du prøve ulike aktivitetar.

MOT har stand i Ungdomsenteret kl.11.00-15.00.

Over 35 ulike frivillige lag og organisasjonar har stand ute og inne i Kvinnherad Kultursenter.

Husk å stemme på beste stand!

Med det gode veret som er meldt bør det liggja til rette for ei riktig triveleg stund på Husnes i morgen.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Kvinnheringen